



Notat

Dato: 18.02.2016
Arkivsak: 2016/2011-4
Saksbehandlar: ireolse

Til:	Vidar Kloster
Frå:	Eigedomsavdelinga

Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01078 - Årstad tannklinikk - utviding

Rekneskap: 18 617 996,06 Budsjett: 18 624 000,-

Fuv 251/12 løyving kr 4 000 000,-

Utdrag frå saka:

«I budsjettet for 2012 heiter det mellom anna: "Når arbeidet med nytt odontologibygge på Årstadvollen er ferdig, er det planen å utvida Årstad tannklinikk". Årstad tannklinikk leiger i nabobygget til nybygget. Grunnen til at ein må avvente utvidinga til nybygget står klart er at det ikkje er ledig plass i bygget før noko av aktiviteten som universitet i dag har er flytta over i nybygget. For å heile tannklinikken på eit plan er ein vidare avhengig av interne flyttingar frå universitetet si side i det gamle bygget kor vi leiger.

Universitetet har krevd at kostnadane knytt til intern flytting og reetablering i anna etasje vert dekt av fylkeskommunen sidan det er våre ynskje som skapar flyttebehovet. Samla kostnad er kalkulert til om lag 3 million kroner. Vidare legg ein til grunn andre planleggings- og byggekostnader i 2012 på om lag 1 million kroner.

Ein rår difor til at det vert løyvd 4 million kroner til prosjektet i 2012. Det vil være behov for å kome attende med nye løyvingar i seinare budsjettår for å fullføre utvidinga av tannklinikken.»

Fuv 283/13 løyving kr 13 000 000,-

Utdrag frå saka:

«Det er i FU sak 251/2012 løyvd 4 million kroner til oppstart av arbeidet med utviding av Årstad Tannklinikk. Løyvinga var i hovudsak meint å finansiere planleggingskostnader samt refusjon til Universitetet i Bergen for kostnader dei fekk med å frigjere areal for fylkeskommunen. Kostnadane knytt til relokalisering var lågare enn forventa og noko forsinka i forhold til framdrift. Prosjektet hadde difor mindreforbruk ved inngangen til 2013.

I 2013 har ein jobba vidare med å få utvida og etablert den nye og utvida klinikken. Prosjektet skulle i utgangspunktet blitt ferdigstilt i løpet av inneverande månad, men ein lekkasje i september har forsinka prosjektet, og revidert tidspunkt for innflytting og ferdigstilling er no januar/februar 2014. Så langt legg ein til grunn at lekkasjen vil påføre fylkeskommunen kun mindre kostnader, og at kostnadane i hovudsak vert dekkja av skadevoldar sitt forsikringselskap.

Vidare har det i prosjektet vore behov for meir omfattande bygningsmessige arbeid enn forutsett knytt til asbestsannering og framføring av røyr med meir. Her er ein imidlertid hatt ein god dialog med utleigar knytt til kostnadsfordeling Samla forbruk i år er venta å bli om lag 13 million kroner, og ein rår til at det vert gjeve ei løyving på same beløp i år.»

2014 - Refusjon frå Universitetet i Bergen – kr 1.624 000,-

Kommentar:

Prosjektet vart noko forsinka i framdrift grunna vannlekasje, men er fullført i samsvar med plan og budsjett. Det er ein liten uavklart diskusjon med rørleggjar knytt til endeleg oppgjer for vannskade. Dersom ein får ut meir midlar vil dei bli innteksført på sentral post for forsikring.

Bjarte Molvik
Seniorrådgjevar

Irene Olsen
Spesialkonsulent

Vedlegg: Statusrapport